




**Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen**

Årsmelding 2017



Føreord

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart oppretta i 1980.

I 2011 vart første Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen konstituert, etter at det vart opna for lokal forvaltning av dei store verneområda. Styret for 2012-2015 vart oppnemnd av Miljøverndepartementet, og Miljødirektoratet oppnemnde styret for 2016-19 ved brev 16.02.2016. Våren 2012 vart det tilsett to nasjonalparkforvaltarar, ein med kontor i Lom og ein i Luster. Nasjonalparkforvaltarane er sekretariatet for nasjonalparkstyret og står for «den daglege drifta».

Årsmeldinga gjev ei samla framstilling av nasjonalparkstyret sitt arbeid, tiltak og registreringar som er gjort i felt og generelt om bruken av områda og dei naturfaglege tilhøva og forvaltningsmessige utfordringar i Jotunheimen og Utladalen.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Framsida: 1) Pilot innfallsport ved Sognefjellshytta. 2) Mot Tjønnholstind, Knutshøe og Besshøe

Under: Nasjonalparkstyret på studietur i Snowdonia, Wales 31/10-3/11 2017. Frå venstre: Bjarne Eiolf Holø – Lom, Peter Rutherford – vår vert i Snowdonia, Rigmor Solem – SNO, Aleksander Øren Heen – Sogn og Fjordane fylkeskommune, Iselin Jonassen – Vågå, Sandra Opheim – Årdal, Anne Lise Marstein – vararepr. Lom, Leif Solemsli – Vang, Magnus Snøtun – nasjonalparkforvaltar



Innhald

| | | |
|----|--|----|
| 1. | Verneområda – status | 4 |
| 2. | Aktørar i verneområda | 4 |
| | Nasjonalparkstyret | 4 |
| | Nasjonalparkforvaltarar | 4 |
| | Naturoppsynet..... | 5 |
| | Andre sentrale myndigheiter | 5 |
| | Brukarar..... | 6 |
| | Sentrale dokument..... | 6 |
| 3. | Arbeid i nasjonalparkstyret 2017 | 7 |
| 4. | Aktivitet | 9 |
| | Informasjon | 9 |
| | Skjøtsel og vedlikehald | 12 |
| | Jotunheimen Vest / Utladalen:..... | 12 |
| | Jotunheimen Aust:..... | 12 |
| | Arrangement i verneområda..... | 12 |
| | Randsonearrangement..... | 12 |
| | Vidare arbeid | 13 |
| | Revisjon av forvaltningsplanen: | 13 |
| | Besøksstrategi: | 13 |
| | Kartleggingsarbeid:..... | 13 |
| | Pilot for implementering av merkevaren Norges Nasjonalparker | 13 |
| 5. | Glimt frå 2017..... | 14 |

1. Verneområda – status

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernombordet vart oppretta ved Kgl. res. 05.12.1980. Verneforskrifta set dei juridiske rammene for forvaltningsplanen. Forvaltningsplanen trekkjer opp retningslinjene for forvaltning av verneområda, og har delt nasjonalparken i ulike forvaltingssoner: Sone utan tilrettelegging og inngrep, brukssone og sone med spesiell tilrettelegging og inngrep.

Formålet med vernet er retningsgjevande for forvaltninga av områda.

Oppsynsarbeid, skjøtsel, rettleiing og informasjon skal fremje formålet med vernet.

Verneforskriftene for Jotunheimen og Utladalen vart i 2004 tekne opp til revisjon i samband med rullering av den første forvaltningsplanen frå 1998. Reviderte forskrifter vart godkjente 14.11.14. Revisjon av forvaltningsplanen i tråd med nye forskrifter starta opp i 2015.

2. Aktørar i verneområda

Nasjonalparkstyret

Forvaltningsmyndigheita for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernombordet vart overført frå Fylkesmannen til nasjonalparkstyret, ved brev av 04.11.10 frå Miljøverndepartementet. Nasjonalparkstyret består av ein representant frå kvar kommune og fylkeskommune med areal i verneområda. Funksjonsperioden for styret følgjer kommunestyre- og fylkestingsperioden.

Styret for perioden 2016-19 er:

| Rolle | Ordinært medlem | Varamedlem | Representar |
|--------------------|-------------------------------------|---------------------|--------------------------------|
| <i>leiar</i> | Ivar Kvalen | Marit Tennø | Luster kommune |
| <i>nestleiar</i> | Iselin Jonassen | Svein Blankenborg | Vågå kommune |
| <i>styremedlem</i> | Bjarne Eiolf Holø | Anne Lise Marstein | Lom kommune |
| <i>styremedlem</i> | Leif Solemsli | Kari Bø Wangensteen | Vang kommune |
| <i>styremedlem</i> | Sandra Opheim | Arild Ingar Lægreid | Årdal kommune |
| <i>styremedlem</i> | Aleksander Øren Heen | Senea Sabanovic | Sogn og Fjordane fylkeskommune |
| <i>styremedlem</i> | Aud Hove / Kjersti B. Fremstad * | Øystein Andreassen | Oppland fylkeskommune |

* Kjersti Bjørnstad Fremstad erstattar Aud Hove som fast representant i nasjonalparkstyret for Oppland fylkeskommune frå 2018. Dette etter oppmoding frå fylkeskommunen, etter at Aud Hove vart vald til fylkesvaraordførar. Oppnemning skjedde ved brev av 04.12.17 frå Miljødirektoratet.

Arkivfunksjonen til nasjonalparkstyret ligg hos Fylkesmannen i Oppland og postadressa er:

*Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Postboks 987
2604 Lillehammer
mail: fmoppost@fylkesmannen.no*

Nasjonalparkforvaltarar

Sekretariatet består av to forvaltarar, og skal førebu saker for styret, drive informasjon og halde kontakt med brukarar av verneområda.

- Kari Sveen er tilsett som nasjonalparkforvaltar med kontorstad ved Nasjonalparkinformasjonssenteret ved Norsk Fjellsenter i Lom. Kari har lang erfaring innan offentleg forvaltning på kommunalt, regionalt og statleg nivå.
- Magnus Snøtun er tilsett som nasjonalparkforvaltar med kontorstad ved Rådhuset i Luster i Gaupne. Magnus kom fra stillinga som nasjonalparkforvaltar i Breheimen og har erfaring fra både privat og offentleg sektor.

Nasjonalparkforvaltarane er tilsett administrativt hos Fylkesmannen i Oppland, men er underlagt nasjonalparkstyret i sitt arbeid. Fylkesmannen har ingen instruksjonsrett i forhold til nasjonalparkforvaltarane sitt arbeidet for nasjonalparkstyret, men kan nytte nasjonalparkforvaltarane til andre arbeidsoppgåver ved behov og i samråd med nasjonalparkstyret.

I 2017 var det oppdrag utanom eige arbeidsområde tilsvarende ca. 3 månadsverk

- Kari Sveen vikarierte som nasjonalparkforvaltar for Rondane – Dovre nasjonalparkstyre fra 1.-juli til 1. oktober. I denne perioden hadde Magnus Snøtun hovedansvaret for Jotunheimen og nettsideoppdatering Rondane. Kari Sveen har også delteke i opplæring av ny forvaltar for Rondane og utført noko arbeid som avlasting pga. redusert bemanning som følgje av langvarig sjukefravær. Vervet som tillitsvald for Naturviterne på Miljøvernnavdelingen medfører div. møte på Lillehammer.
- Magnus Snøtun har opplæring og fagleg rettleiing til andre nasjonalparkforvaltarar når det gjeld nettsider. Med bakgrunn og kontorstad i Sogn og Fjordane bidreg Magnus også i fagmiljøet her .

Natuoppsynet

Natuoppsynet skal følge opp miljølovgjevinga og vedtak fatta av nasjonalparkstyret og andre offentlege myndigheter. I tillegg skal oppsynet informere, rettleie og gjennomføre tiltak og registreringar. Gjennom bestillingsdialogen kan forvaltninga konkretisere særskilde oppdrag.

Statens Natuoppsyn (SNO) er organisert som ein del av Miljødirektoratet, med den administrative staben i Trondheim og lokalkontor rundt om i heile landet. Rigmor Solem er tilsett i SNO med Jotunheimen og Utladalen som hovedområde. Kontorstad varierer mellom Vang og Utladalen, I tillegg har ein i Jotunheimen og Utladalen eit omfattande tenestekjøp, som omfattar både oppsyn og utføring av tiltak. SNO har inngått ein sentral avtale med Norges Fjellstypesamband om tenestekjøp over heile landet med lik timesats. For Jotunheimen og Utladalen blir det kjøpt oppsynstenester frå fjellstyrta i Lom, Vågå, Årdal og Luster.

Andre sentrale myndigheter

Det er også andre myndigheter som påverkar både bruk og tilrettelegging av verneområda. Kommunane Lom, Luster, Vågå, Årdal og Vang har areal innanfor verneområdet. Politisk er desse representert med kvart sitt medlem i nasjonalparkstyret. Kommunane har ansvar for arealforvaltninga, og god dialog er særleg viktig for innfallsportane og randsonene til verneområda. Kommunane har myndighet etter plan- og bygningslova og motorferdselslova. Ofte må brukarar innhente løyve både frå verneforskrifta og generelt lovverk som plan- og bygningslova eller motorferdselslova. Administrativt kontaktutval vart oppretta i 2013, og utvalet skal bidra til best mogleg kommunikasjon mellom administrativt nivå for nasjonalparkforvaltninga og kommunane.

Fylkesmennene hadde forvaltningsmyndighet for verneområda fram til oppretting av nasjonalparkstyret. Miljøvernnavdelingane har erfaring og fagkunnskap som nasjonalparkforvaltarane kan nyte i sitt arbeid, og forvaltarane deltek i fagsamlingar der dette er relevant.

Fylkesmennene har klagerett på vedtak som vert fatta av nasjonalparkstyret.

Fylkeskommunane er representert politisk i nasjonalparkstyret. I tillegg har fylkeskommunen myndighet etter kulturminnelova og fagkompetanse knytt til kulturminneskjøtsel og restaurering.

Brukarar

I Jotunheimen og Utladalen finn vi nokre av dei mest kjende DNT-hyttene med tilhøyrande stinett i den norske fjellheimen. Kjende turmål som Galdhøpiggen, Besseggen og Vettisfossen dreg årleg tusenvis av besøkande. Ferdselsteljar utplassert ved Vesløyfti på Besseggenruta viste 54 304 passeringar i perioden 31.mai til 13.oktober i 2017.

I Jotunheimen og Utladalen vart det gjennomført brukarundersøkingar i både 1992, 2002 og 2010. Desse undersøkingane viser utviklinga over tid og synleggjer behov for tilpassingar.

Brukarane grunneigarar, bedrifter, privatpersonar, lag og organisasjonar som brukar verneområda for næring, forsking/kunnskapsformidling og rekreasjon. DNT-hyttene Glitterheim, Gjendebu og Skogadalsbøen og den private turisthytta Memurubu er større bedrifter innan verneområdet. I tillegg kjem ei rekke større og mindre bedrifter ved innfallsportane og i randsonen, og det er fleire aktivitetsfirma/bedrifter som driv breføring og guiding. Andre brukarinteresser er beitebruk, jakt og fiske. Tamreinlaga i Lom og Vågå, Storådalen beitelag, Russdalen Beitelag og Utladalen sameige har stor aktivitet innanfor verneområda. I tillegg har Stiftinga Avdal Gard, Vetti turiststasjon, Stiftinga Utladalen naturhus og ei rekke grunneigarar ulik grad av aktivitet i verneområdet.

Sentrale dokument

Naturmangfaldlova vart sett i kraft 01.juli 2009, og erstattar Naturvernlova frå 1970. Vedtak fatta etter Naturvernlova er framleis gjeldande, men naturmangfaldlova har sett ein del nye kriteria til saksbehandling (vurdering av miljørettslege prinsipp etter §§ 8-12) og generelle unntaksreglar i verneforskriftene er erstatta av § 48 i naturmangfaldlova.

Verneforskrifter for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde revidert 14.11.14.

Forvalningsplan for Jotunheimen og Utladalen vart vedteken i 1998. Revisjon av forvalningsplanen starta i 2004, parallelt med revisjon av verneforskriftene. Godkjenning av forvalningsplan måtte vente til etter at nye forskrifter var vedtekne, men utkast av 2008 har i ventetida vore brukt som eit rettleiande dokument for forvaltninga.

I Jotunheimen og Utladalen er det utarbeidd **skjøtselsplan** for to område; Heimre Utladalen og Gjendebu-området. Skjøtselsplanen for Heimre Utladalen vart utarbeidd i 1998. I 2010 vart det gjort ny vurdering av skjøtselsbehovet av både eksisterande skjøtselslokalitetar og nye lokalitetar. Denne vurderinga omfatta heile Utladalen. Skjøtselsplanen for Gjendebu-området vart vedteken i 2004. I 2011 kom ei fagleg evaluering av utviklinga i tiltaksområdet, og vidare skjøtsel har fylgd tilrådingane frå Miljøfaglig Utredning.

Som første verneområde i landet, vedtok nasjonalparkstyret i 2012 ein **besøksstrategi**. Denne skal bidra til å gje dei besøkande ei betre oppleving, bidra til auka verdiskaping, og samstundes ta vare på naturverdiane. Besøksstrategien blir nå innarbeida som del av forvaltningsplanen i revisjonsarbeidet.

3. Arbeid i nasjonalparkstyret 2017

Nasjonalparkstyret består av representantar med sentrale politiske verv, og dei fem kommunane er representert ved ordførar eller varaordførar. Møta har derfor blitt lagt opp med ein del telefonmøte, særleg i vinterhalvåret med stengde fjellovergangar som medfører store reiseavstandar.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har hatt 7 møte i 2017, og behandla 60 saker

| | | |
|------|------------|---|
| 1/17 | 23.02.2017 | Telefonmøte |
| 2/17 | 08.03.2017 | Gardermoen |
| 3/17 | 20.04.2017 | Telefonmøte |
| 4/17 | 15.05.2017 | Telefonmøte |
| 5/17 | 19.06.2017 | Breheimsenteret, Jostedalen |
| 6/17 | 28.08.2017 | Memurubu, med synfaring over Besseggen 29.08. |
| 7/17 | 27.11.2017 | Vang |

Arbeidsutvalet hadde 4 møte og behandla 13 saker. Møte i AU har vore telefon- eller e-postmøte.

| | | |
|------|------------|------------------|
| 1/17 | 30.03.2017 | Telefonmøte |
| 2/17 | 06.05.2017 | E-postbehandling |
| 3/17 | 26.07.2017 | E-postbehandling |
| 4/17 | 02.08.2017 | E-postbehandling |

Forvaltarane har i medhald av delegert myndighet gjort administrative vedtak i 11 saker.

| Type saker | Tal saker 2012 | Tal saker 2013 | Tal saker 2014 | Tal saker 2015 | Tal saker 2016 | Tal saker 2017 |
|--|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| Adm./generelle vedtak (Styre/AU) | 16 | 21 | 26/3 | 27 | 25 | 25/3 |
| Vedtak om motorferdsel (Styre/AU/Adm.) | 18 | 22 | 8/1/4 | 14/5/4 | 15/10/3 | 13/2/7 |
| Vedtak om tilrettelegging (bygg, anlegg, stiar o.l.) (Styre/AU) | 8 | 6 | 11/2 | 11 | 9 | 4 |
| Vedtak om arrangement (Styre/AU) | 1 | 3 | 1 | 3 | | 6/1 |
| Generelle uttalar (styret) | 2 | 1 | | 3 | 2 | 1 |
| Vedtak om plan og planarbeid (styret) | 3 | | 3 | 2 | | 1 |
| Vedtak om økonomi (styret) | 4 | 3 | 2 | 2 | 2 | 2 |
| Klagebehandling (styret) | 1 | | | 0 | | 1 |
| Andre tiltak, t.d. drone, plantesamling. I 2017 dronesaker (Styret/AU/Adm.) | 4 | | 1 | 3 ** | 1/ 7/ 1 | 7/7/4 |
| Sum | 57 stk. | 56 stk.* | 62 stk. | 74 stk. | 75 stk.* | 84 |

* 1 sak trekt, tiltak likevel ikkje aktuelt

** Pilot innfallsport

Også i 2017 har aktiviteten vore prega av at Jotunheimen er eitt av fire pilotområde for utvikling av den nye merkevaren for Norges Nasjonalparker. Sognefjellshytta er lokalitet for tilrettelegginga.

Økonomi

Kvar haust vert det søkt om tiltaksmidlar for det kommande året i verneområda (bestillingsdialogen). I 2017 vart hovuddelen av anleggsarbeidet med etablering av pilot innfallsport ved Sognefjellshytta utført. Arbeidet har vore utfordrande, med fleire justeringar undervegs som følgje av geologi og ein spesiell brukkonstruksjon som skulle tilpassast landskapet på ein god måte. Det har vore stort behov for ekstern kompetanse, og det kom opp nye element ved bruforankringa som gjorde anlegget vesentleg dyrare enn først stipulert. God byggeleiing og dyktige entrepenørar har gjort at anlegget blir bra.

| Tiltaksmidlar for 2016 (bestillingsdialogen) | Tildeling/ budsjett | Sum utgifter | Avvik | Gjennomføring, merknader |
|---|------------------------|---------------------|----------------------|---|
| Skjøtsel | 450 000 | | | Tildelt SNO |
| Skjøtsel Utladalen | | 385 000 | | Utført, SNO |
| Skjøtsel Guridalen | | - | Ikkje utført 2017 | Overført til heimre Utladalen |
| Skjøtsel Gjendebu | | 65 000 | | Utført, SNO |
| Stiarbeid | | | | |
| Vedlikehald og opprusting Gjendeområdet | 200 000 | 205 791 | | Utført av sherpaer. Administrert av SNO |
| Innfallsport, pilotoppdrag | | | | |
| Pilot innfallsport Sognefjellet, | 10 500 000** | 10 675 909 * | | Sluttføring 2018 ** 5 mill. + 5,5 mill. overført frå 2016 |
| Informasjon | | | | |
| Nye informasjonstavler, m.m. | 240 000 | 39 570 * | | Design nye info- tavler Sognefjellshytta, Turtagrø, Krossbu, Juvflye og Gjende |
| Barnas naturoppsyn | 10 000 | - | | |
| Forprosjekt Utladalen – informasjonstiltak | 50 000 | 50 000 | | |
| Diverse utgifter, drift | | 6 838 | | Tømming toalett, Lås bom Veodalen |
| Totalt rekneskap tiltaksmidlar eks. midlar forvalta av lokalt SNO | 11 000 000 | 10 978 108 | | |
| Turapp – ikkje høve til å dekkje drift av dette over tiltaksmidlane, avslutta | - | 15000 | | Første halvåret dekt over styrebudsjett |

*Utgifter
Sognefjellet,
Turtagrø og
Krossbu sett
under eitt

| Drift | | Budsjett | Rekneskap |
|---|---|----------------|----------------|
| Sekretariat | Kontorhald, reiser, m.m. (utgifter utanom løn) | 168.000 | 175 723 |
| Styret og utvala | Reise- og møtegodtgjersle nasjonalparkstyret | 340.000 | 339 886 |
| Ekstra adm.-utgifter til pilotprosjekt MA086 | Byggeleiar ekstern, pilotnettverksmøte, ekstra reiseverksemd, m.m. | 200.000 | 198 840 |
| Forvaltningsplan | Møteverksemd, dokumentasjonsarbeid | 100.000 | 54 112 |

Ulovlege tiltak

1 tiltak vart meldt til politiet av SNO i 2017 . Saka gjaldt ulovleg landing med sjøfly ved Gjendebu. Piloten vart bøtelagt med 20.000, og vedtok bota.

Andre utval

Fagleg rådgjevande utval var samla på Sognefjellshytta 18.-19. september. Administrativt kontaktutval og SNO deltok også i møtet. Det var i alt 24 som deltok på ein eller begge dagar av samlinga. Hovudtema: Revisjon av forvaltningsplanen og orientering om pilot innfallsport. Synfaring av anlegg rundt Fantesteinvatnet 18/9, og synfaring frå Krossbu langs stien mot Bøverbrean og nasjonalparken 19/9 (biletet frå synfaringa andre dagen).



4. Aktivitet

Informasjon

Naturrettleiingsprosjektet i Jotunheimen vara frå 2009 t.o.m. 2014. I 2015 var det ei innstramming i økonomien til verneområda, og ein fekk ingen ressursar til engasjement av naturrettleiar. Det har vore sterkt ønskjeleg med ei fast stilling til den mest brukte nasjonalparken i landet, for å sikre fagleg kontinuitet og betre tilbod for tilreisande og lokale brukarar med vekt på barn/unge i lokalsamfunna.

SNO og nasjonalparkforvaltarane har delteke og informert på ulike arrangement, møte, seminar og i felt. Oppsynet har lagt vekt på informasjon og rettleiing til brukarar av verneområda, skuleklassar og studentar. Vi har også ein del besøk utanfrå. Verneområdestyra for Fulufjell og Sølen vitja oss på Norsk Fjellsenter i oktober. Nasjonalparkstyret for Hallingskarvet besøkte forvaltningsknutepunktet i Gaupne og besøkssenteret i Lom og såg på anlegget ved Sognefjellshytta i september.

Nasjonalparkstyret var på studietur i Snowdonia, Wales, 31/10-3/11. Også SNO og forvaltarane deltok.

Lom/Jotunheimen vart i 2017 vald ut som deltakar i Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt prosjekt om *Forenkling av utmarksforvaltninga*. Det er eit toårig prosjekt frå nov.-2017 til 1.des. 2019. Nasjonalparkforvaltar Kari Sveen er med i prosjektgruppa, saman med representantar frå Lom kommune, Lom fjellstyre og Norsk fjellsenter.

Oversikt deltaking kurs, konferansar og fagnettverk 2017

| Dato | Kurs, konferansar, studieturar - Tema | Magnus Snøtun | Kari Sveen | Styremedlemmer, andre |
|--------------|---|---------------|------------|-----------------------------|
| 20.01 | Forvaltarsamling Lillehammer | x | x | Forvaltarane i Oppland |
| 23.01 | Fagsamling med forvaltarane i Sogn og Fj. | x | | Forvaltarane i SF |
| 23.-24. mars | Fagsamling med forvaltarane i Sogn og Fjordane, Hordaland og Buskerud | x | | Forvaltarane i SF, HO og BU |
| 01.06. | Oppsynssamling Jotunheimen, Sognefjellet | x | | SNO, fjelloppsyn |

| | | | | |
|-------------------|---|---|---|--|
| 15.-16. juni | Fagsamling nasjonalparkforvaltarane i Oppland, Langsua | x | x | Nasjonalparkforvaltarar i Oppland og nabofylke, repr. frå M.avd. |
| 16.-17. okt. | Møte i Faggruppe Nasjonalpark - Leikanger og synfaring til Lundeskardet den 17.10.17 | x | | Forvaltarane i Sogn og Fjordane og Hordaland |
| 20.okt. | Fellesmøte Skype forvaltarane i Hedmark/Oppland | x | | |
| 31.okt. -3.nov | Studietur til Snowdonia, Wales – NP- forvaltarar og styret | x | x | Iselin Jonassen, Bjarne E. Holø, Leif Solemsli, Sandra Opheim, Aleksander Ø. Heen, Anne Lise Marstein, Rigmor Solem |
| 13.nov | Forvaltarsamling Hedmark /Oppland, Hamar | x | x | |
| 14. nov. | Fellessamling miljøvernnavdelingane Hedmark/Oppland på Hamar | x | | |

Informasjonsoppdrag, fordrag, representasjon arrangement

| Dato | Tema | Repr. |
|------------------|--|----------|
| 09.02 | Reiselivsmøte i Luster | MSN |
| 09.03 | Føredrag om besøksforvaltning i Fulufjellet | MSN |
| 16.05 | Utedag med friluftslivsstudenter ved HISF | MSN |
| 09.07 | Natursti Glitterheim | KSV, MSN |
| 02.09 | Opning av nyrestaurert Skagastølsbu | MSN |
| 04.-06. sept. | Hallingskarvet Nasjonalparkstyre – besøk forvaltningsknutepunkt Gaupne og omvising / orientering om pilot innfallsport Sognefjellet | MSN |
| 26.-28. sept. | Innlegg - erfaring om skilting og tilrettelegging Besseggen-stien og pilot merkevare, Nasjonalparkkonferansen 2017 | MSN |
| 10.10. | Styra for Fulufjellet og Sølen på studiereise med besøk på fjellsenteret | KSV |
| 30.10 | Førelsing NMBU på REIS202 | MSN |

Møte og synfaringar med eksterne parter

(utanom styremøte, AU, adm.k.utv., fagleg rådgj., interne arb.møte forvaltarane og SNO)

| Dato | Tema | | Andre |
|------------------|---|----------|--|
| 13.01., 30.01 | Byggemøte / Skype frå kontor Nordplan i Vågå ang. innfallsport Sognefjellshytta - varierande deltaking frå møte til møte | KSV | Nordplan, Dronninga Landskap, DIFK Kosche, Stryvo, Ottadalen Anlegg, NGI, Sognefjellshytta, |
| 16.02. | Møte Gjendebåten, Gjendesheim og Norges Nasjonalparkkommuner ang. Besseggen som nasjonal Turiststi | KSV | Harald Rune Øvstdal, Marius Hageløkken, Heidi Lillebråten, Bjørn Åge Jensen. |
| 0702. | Kontaktmøte merkevaregruppa Miljødirektoratet ang. utforming av nye informasjonsplakatar for Jotunheimen - ny design Norges Nasjonalparker | KSV, MSN | Hege Husby Talsnes, Ingrid Vaagland Stav, Marie Lier |
| 22.03. | Kontaktmøte DNT i Oslo | KSV, MSN | Rigmor Solem |

| | | | |
|--|--|---------------------------------------|---|
| 19.04 | Nasjonale Turistveger, Kontaktmøte / workshop på Bessheim ang. tilrettelegging ved Gjende | KSV | Nasjonale Turistveger, Vågå kommune, Vågå fjellstyre, repr. frå reiselivet og DNT Oslo og Omegn |
| 8/5, 12/5, 26/10, 16/11, 12/12 | Prosjekt med støtte frå KMD til Lom kommune og Norsk Fjellsenter: <i>Forenkling utmarksforvaltning</i> | KSV | Søknad og arbeid i prosjektgruppe |
| 18.05 | Gjennomgang prosjekt pilot innfallsport (Skype) | KSV, MSN | Miljødirektoratet v/ Reidar Dahl og Hege Husby Talsnes |
| 02.06 | Møte med Memurubu | KSV, MSN | Ordførar Bjarne Holø og Kjetil E. Sveine |
| 27.06 | Medarbeidersamtaler, med synfaring/informasjon Sognefjellet | MSN KSV | Vebjørn Knarrum, Steinar Fossum + Ivar Kvalen i Gaupne |
| 01.07 | Synfaring Vettismorki/Vettisfossen | MSN | Grunneigarar og arkitekt |
| 11.08 | Møte med Outtt | MSN | Erlend Eggen |
| 11.08 | Møte om tilrettelegging ved Turtagrø | MSN | Anja Gardli |
| 28.06., 12.07., 31.07., 09.08., 17.08., 30.08., 05.09., 12.09., 20.09. | Byggemøte og arbeidsmøte/synfaringar innfallsport Sognefjellshytta – Sognefjellet - varierande deltaking frå møte til møte | KSV MSN med på byggemøtet i august | Nordplan, Stryvo, Ottadalen Anlegg, NGI, Sognefjellshytta, Dronninga Landskap, DIFK Kosche, Jeanette Ernst 17/8 (underleverandør på stein- og murarbeid med sherpaer) |
| 26. sept. | Sluttbefaring anlegg – Sognefjellet | KSV | Nordplan, Stryvo AS, Ottadalen Anlegg AS |
| 3. okt | Møte med statssekretær Lars A. Lunde og adm. repr. i Klima- og miljødepartementet ang. klagesak om gjeterbu Russdalen | | Iselin Jonassen, Aud Hove |
| 04.10 | Skypemøte med BARK om besøksforvalningsprosjekt med i samarbeid med Thingvellir og Vadehavet | MSN | Christine Søgaard Jensen, Peter Saabye Simonsen, Einar Sæmundsen |
| 09.10. | Nasjonale Turistveger, Møte og synfaring ang. tilrettelegging ved Gjende | KSV | Grete Kongshaug og Werner Harstad - NT, Iselin Jonassen – Vågå kommune / NP-styret, Vågå kommune- adm., Vågå fjellstyre v/ leiar og sekretær, DNT, Statskog |
| 20.11 | Møte ang Gjende – innfallsport og kanalisering av ferdsel på sørsida av Gjende | KSV | Vågå kommune, Vågå fjellstyre |
| 06.12 | Dialogmøte med DNT (Skype) | KSV, MSN | SNO, DNT Oslo og Omegn |

Skjøtsel og vedlikehald

Kvar år vert det utført skjøtseltiltak som tilrettelegging, rydding og ettersyn/vedlikehald av tidligare utførte tilretteleggingstiltak og grenseskilt og informasjonstavler. Arbeidet blir administrert av lokalt SNO, og mange av tiltaka vert utført ved tenestekjøp frå fjellstyra og lokale aktørar.

I 2017 var utbetring av stignettet i Gjendeområdet. Eit sherpalag utførte tiltak på Besseggenruta, og på ruta Memurubu-Gjendebu via Bukkelægeret, med hovudvekt på stigen over Sjugurdstind.

Jotunheimen Vest / Utladalen:

Stiftinga Utladalen Naturhus koordinerer skjøtsels- og informasjonsarbeidet i Heimre Utladalen.

Skjøtselstiltak i Utladalen er som tidlegare vidareført med bakgrunn i utarbeidd skjøtselsplan. Det vart ikkje utført tiltak i Guridalen, så midlane her vart i 2017 overført til heimre Utladalen. I tillegg til slått vert ein del av den inngjerda kulturmarka beita av sau. Også i 2017 vart det henta inn storfe (Vestlandsk storfe) til å beite slåttemark for å redusere behovet for slått.

Jotunheimen Aust:

Skjøtsel av den gamle kulturmarka i Gjendebuområdet baserer seg på skjøtselsplanen frå 2001, og med justering i tråd med evaluering av status og tiltak gjennomført av Miljøfagleg Utredning i 2011.

Evalueringa konkluderer med at tiltaka som har vore gjennomført med avstandsregulering av bjørk og rydding av skog/kratt har hatt ein positiv effekt på landskapet og saman med beiting verka positivt på det biologisk mangfaldet. Rapporten tilrår at slåtten vert teke opp att, for å fremje artar som kan gå attende ved sterkt beitetrykk (marinøklar). Vi prøver å gjennomføre slått annakvart år. Det var ikkje slått i 2016, men i august 2017 vart det arrangert slåttehelg med god deltaking frå Storådalen beitelag. Forsøket med geit som beitedyr ved Gjendebu vart starta opp i 2009 og er vidareført i 2017.

Arrangement i verneområda

- Telemarksirenn "Galdhøpiggenet" ved Spiterstulen, 22.04.2017 med 150 deltagarar
- Nasjonalparkfestivalen «Under Storen», Utladalen 28.juni - 02. juli
- Til Topps – integreringsprosjekt i regi av Integrerings- og Mangfaldsdirektoratet (IMDI); KS, DNT og Norges Røde Kors, i samarbeid med lokalt Røde Kors og lokale bedrifter – 30. juni-1. juli. Turen på Galdhøpiggen er hovudattraksjon, og 931 nådde toppen. Også kortare turar. I alt 1300 deltagarar.
- Gjendebufestivalen 15.-18. juni 2017
- Bessegglopet vart arrangert den 24. juni med 94 startande i konkurransklassa og 33 i mosjonsklassa, i alt 127 deltagarar.
- Konsert med Vamp i Glitterheim 9. juli
- Motbakkeløpet "Fananåken Opp" 12. aug. hadde 239 deltagarar, av dei 109 i konkurransklassa.

Oppsynet har ikkje registrert uheldige tilhøve i samband med desse arrangementet.

Randsonearrangement

- High Camp, Turtagrø
- Vinjerock ved Eidsbugarden/Fondsbu
- Fjellfilmfestival Gjendesheim i september
- Fjellfestival med oppstarthelg ved Gjende i juni
- *Reinens rike - Sjodalen – Jotunheimen* med div. arrangement i og utanfor nasjonalparken i haustferieveka. Start i 2016, planlagt vidareført som årleg arrangement

Vidare arbeid

Revisjon av forvaltningsplanen:

Det var ein omfattande prosess med revisjon av den gamle planen frå 1998 i perioden 2004 – 2008 . I samråd med Miljødirektoratet kom ein fram til at revisjonsarbeidet måtte starte på nytt pga dei mange endringane som har kome til i behandlingstida fram til dei nye verneforskriftene vart vedtekne av Kongen i Statsråd 14.11.14.

Melding om ny oppstart av revisjon, i medhald av nye verneforskrifter og nye føringer i overordna nasjonal politikk og naturmangfaldlova, vart sendt ut ved brev av 02.09.2015. Det vart halde opne møte i kvar kommune i oktober 2015, og forvaltningsplanen har vore diskusjonstema på møte i fagleg rådgjevande utval både i 2015, 2016 og 2017. Det var sett ein ambisiøs framdriftsplan med tanke på sluttføring i 2017, men som følgje av andre oppgåver er tidsplanen justert. Arbeidet med revisjon av forvaltningsplanen i tråd med nye forskrifter og gjeldande forvaltningsordning får høg prioritet i 2018.

Besøksstrategi:

Jotunheimen og Utladalen har som første verneområde i landet, vedteke ein besøksstrategi for området. Oppfølging og konkretisering av denne planen er eit viktig arbeid vidare for styret, og vil vera ein del av forvaltningsplanarbeidet.

Kartleggingsarbeid:

Nye verneområde har ein omfattande prosess med kartlegging og systematisering av verneverdiane i området som er planlagt verna. Jotunheimen og Utladalen er relativt gamle verneområde som ikkje har vore gjennom ein slik systematisk prosess. Samtidig er det eit auka fokus på å sette konkrete målsettingar for utviklinga i verneområda (bestandsmål). Auka fokus på kartleggingsarbeid i åra framover vil vere avgjerande for å få til ei målstyrt forvaltning fram i tid.

Rapport med sårbarheitsvurdering for rovfugl i Aust-Jotunheimen kom i 2015, og vil bli supplert med tilsvarende dokument for Vest-Jotunheimen med oppstart 2016 og sluttføring i 2018. Det er i 2016 utført arbeid med samanstilling av eksisterande kunnskap om villreinen i Vest-Jotunheimen, og supplement til grunnrapporten kom i 2017. Det er også utarbeidd fagnotat om sykling i verneområda.

Pilot for implementering av merkevaren Norges Nasjonalparker

Det vil bli opning av innfallsporten ved Sognefjellshytta i 2018. Da vil ein også få opp nye informasjonstavler langs Fv. 55 ved Krossbu og Turtagrø, og på Juvflye. Ved Gjendesheim og langs Nasjonal Turistveg Valdresflye samarbeider ein med Turistvegprosjektet om einheitleg informasjon. Dette er ein del av merkevarebygging til Miljødirektoratet, der Jotunheimen er ein av fire pilotar.



Synfaring ved Gjende saman med Nasjonale Turistveger m.fl. i oktober 2017, for å sjå på tilrettelegging og kanalisering av ferdsel i samband med tilrettelegginga som vart sett i gang hausten 2017

5. Glimt frå 2017



Pilot innfallsport ved Sognefjellhytta vart på det nærmeste ferdig i 2017, men det drog ut med endeleg utforming av skilttavler og lang leveransetid på betongmøblar, slik at endeleg ferdigstilling blir i 2018. Biletet viser gangbrua mot sørsida av Fantesteinvatnet.



Glimt frå anleggsperioden.

Over t.v.: landskapsarkitekt Ragnhild Momrak diskuterer tilpassing mellom bordgangar og grusa gangveg med Ard Mikal Kleppe og Bent Sigurd Støyva frå Stryvo og Petter Bråten frå Ottadalen Anlegg



Slåttehelg i Gjendebu august 2017



Nasjonalparkstyret på synfaring av nytt prosjekt for betre informasjon om turen over Besseggen for å hindre unødige redningsaksjonar er sett i gang. Samarbeid med Vågå Røde Kors Hjelpekorps og næringsdrivande ved Gjende.

Besseggen-patrulja er eit tiltak i privat regi som har fått stor merksemd i media. Patrulja var med på NRK-opplegget Besseggen minutt for minutt i september



28.-29. august var det styremøte i Memurubu, og nasjonalparkstyret fekk omvising og orientering om framtidige planar frå turistverten, Kjetil E. Sveine. 1) Inne i kraftstasjonen. 2) Ved inntaket i Hestbekken



Stand med nasjonalparkinformasjon og natursti i samband med Vamp-konserten i Glitterheim i juli.